



BROKKE VATN OG AVLAUPSVERK AS  
v/ Steinar Nomeland (JE)  
4748 Rysstad

Sakshandsamar::  
Cecilie Haraldstad Moen

## Revidert inspeksjonsrapport

### Inspeksjon ved Brokke vatn og avlaupsanlegg/avlaupsverk AS

#### Kontrollnummer: 2020.159.I.FMAG

#### Deltakere ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*  
Steinar Nomeland  
Per Olav Kvitli

*Frå Fylkesmannen i Agder:*  
Cecilie H. Moen  
Ildikó Nordensvan  
Lena Helvik

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Brokke vatn og avlaupsanlegg AS den 21. februar 2020. Foreløpig rapport ble sendt til verksemda 27.mars 2020. Fylkesmannen har motteke tilbakemelding frå Brokke vatn og avlaupsanlegg AS den 2. april 2020. Tilbakemeldinga frå verksemda inneheld kommentarer til rapporten. Fylkesmannen har teke innspilla delvis til følgje, og har endra eit avvik til merknad samt lagt til tekst i avvik 3 og 5. I tillegg er frist for tilbakemelding endra til 1. oktober 2020. Denne rapporten er å sjå som endeleg.

Fylkesmannen i Agder avdekket 6 avvik og ga 2 merknader under inspeksjonen. Fylkesmannen ser alvorleg på avvik 1 og 2 kor det vert påpekt at verksemda har overskriding av utsléppskrava i løyve og mangelfull utsléppskontroll.

#### Avvik:

1. Reinseanlegget har overskridingar av utsléppskrava i løyvet.
2. Verksemda sin utsléppskontroll er mangelfull.
3. Verksemda sin ROS-analyse er mangelfull.
4. Funksjonskravet gitt for pumper i løyve er ikkje tilfredsstillt.
5. Verksemda har ikkje utført resipientundersøking.
6. Verksemda si rutine for avvik er mangelfull.

#### Merknader:

1. Verksemda sin merking av kjemikalietankar kan forbedrast.
2. Verksemda sin vedlikehaldsplan kan forbedrast.

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

**Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift**

27. april 2020	Cecilie H. Moen	Veronica Skjævestad
dato	kontrollør	faggruppeteider
	Fylkesmannen i Agder	

Kopi av rapporten skal sendast til:

- Valle kommune

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> BROKKE VATN OG AVLAUPSVERK AS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 984125917	<b>Eigd av:</b> 984099118
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 36.000 - Uttak frå kjelde, reinsing og distribusjon av vatn	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Brokke vatn og avlaupsanlegg/avlaupsverk AS	<b>Anleggsnr.:</b> 4221.0012.01
<b>Kommune:</b> Valle	<b>Fylke:</b> Agder
<b>Anleggsaktivitet:</b> Privat avlaupsanlegg	
<b>Løyve gitt:</b> 20. august 2008	<b>Sist endra:</b>

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forurensningsloven, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannens regionale tilsynsaksjon retta mot avlaupsanlegg som er regulert og har løyve frå Fylkesmannen etter forurensningsforskriften kapittel 14 *Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra større tettbebyggelser*. Brokke vatn og avlaupsanlegg/avlaupsverk AS har løyve frå Fylkesmannen som er i samsvar med kapittel 14 i forurensningsforskriften.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forurensningsloven § 48.

### Inspeksjonstema

- Plan for oppgradering av reinseanlegg
- Drift av avlaupsanlegg
- Utslepp til vatn
- Reinsekrav og prøvetaking
- Internkontroll inkl. miljørisikovurdering og avviksbehandling
- Resipientundersøking

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kjem fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### **3. Oppfølging etter inspeksjonen**

Brokke vatn og avlaupsverk AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Brokke vatn og avlaupsverk AS innan 1. oktober 2020 sender ei skriftleg utgreiing som syner korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmavpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Agder v/Cecilie H. Moen.

### **4. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik**

Fylkesmannen varslar herved at vi vil fatte vedtak om tvangsmulkt (jf. forurensningsloven § 73) dersom vi ikkje mottok ei skriftleg stadfesting på korleis avvika er fulgt opp innan 1. oktober 2020. Tvangsmulka vil påløpe dersom vi ikkje mottok ei stadfesting som viser korleis avvik vil bli fulgt opp innan 4 uker etter at vedtaket om tvangsmulkt er fatta.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere eit engangsbeløp på kr 30 000,-.

Dykk har anledning til å kommentere dette varslet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen i Agder seinast to uker etter at denne rapporten er motteke.

### **5. Vedtak om gebyr**

Vi visar til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 4. februar 2020. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forurensningsforskriften. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forurensningsloven er fastsette i forurensningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventta ressursbruk må Brokke vatn og avlaupsverk AS betale eit gebyr på kr 33 300,- for inspeksjonen, jf. forurensningsforskriften §§ 39-7 og 39-8. Det svarer til gebyrsats 1 for tilsyn med varigheit inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forurensningsforskriften kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningsloven. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Agder. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil beløp innbetalt for mykje, bli refundert.

### **6. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Agder (jf. offentleglova).

### **7. Avvik**

Fylkesmannen fann følgjande avvik under inspeksjonen:

## **Avvik 1**

Reinseanlegget har overskridingar av utsleppskrava i løyvet.

### **Avvik frå:**

Utsleppsløyve av 20.8.2008 punkt 2.1 – Reinsekrav

Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 14-2, jf. § 14-6

### **Kommentarar:**

Reinseanlegget skal drivast på ein slik måte at reinseresultata blir best mogleg. Brokke vatn- og avlaupsverk AS skal sikra at avlaupsvatnet med utslepp til Otra gjennomgår reinsing slik at kvaliteten minst svarer til krava gitt i løyve. I medhald av løyve skal reinseeffekten til tot-fosfor vere minst 90 %. Medan organisk stoff målt som BOF<sub>5</sub> og KOF<sub>CR</sub> skal vere hhv. minst 70 og 75% og ikkje overstige ein konsentrasjon på hhv. 25 og 125 mg O<sub>2</sub>/l. Løyve til Brokke vatn- og avlaupsverk AS er i høve til krava i forurensningsforskriften.

Under tilsynet fekk vi presentert prøveresultatane frå 2019. Resultata syner overskridingar for utlaupskonsentrasjonar for organisk stoff både for KOF og BOF. Dette er påpeika også i tilbakemeldinga på eigenkontrollrapporteringa frå 2017 og 2018. Reinsegrad for fosfor er òg under kravet frå 2019.

Anlegget har i dag påkopla 450 hytter, men dette tallet vil auke. Brokke vatn- og avlaupsverk AS har nyleg starta ei oppgradering av anlegget og vil auke kapasiteten frå 1050 pe til 1950 pe. Med oppgraderinga vil anlegget få ei tredje linje med bla. ny pumpe og ny innlaupskum. Verksemda går ut frå at auka kapasitet vil forbetre reinsegraden. Brokke vatn- og avlaupverk AS har utover den auka kapasiteten, slik vi forstår ingen andre planer om tiltak for å betre reinseeffekten ved anlegget.

Fylkesmannen ser alvorleg på at anlegget ikkje har overhalde reinsekravet i løyve.

## **Avvik 2**

Verksemda sin utsleppskontroll er mangelfull.

### **Avvik frå:**

Utsleppsløyve av 20.8.2008 punkt 2.2 - Internkontroll, målingar, rapportering

Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 14-11 (Prøvetaking), § 14-12 (Analyse) og § 14-14 (Varsling om overskridingar av reinsekrav)

Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5 andre ledd punkt 7

### **Kommentarar:**

Brokke vatn- og avlaupsverk AS skal sørge for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader til ei kvar tid vert mest mogleg avgrensa. I det ligg det at verksemda må ha god utsleppskontroll og regelmessig ta prøvar av utløpet frå reinseanlegget for å dokumentere at anlegget overheld reinsekrava i løyve. Prøvetakinga skal vere kvalifisert, og det skal dokumenterast at prøvane er representative, samt at dei blir teke i samsvar med forurensningsforskriften §§ 14-11 og 14-12. Herunder at prøvane skal konserverast og oppbevarast i samsvar med Norsk Standard eller annen anerkjent laboratoriepraksis. I høve til forskrifta skal tidspunkta for prøvane vere etter ein oppsatt tidsplan i verksemda sin internkontroll. Kravet til skriftlege rutinar (jf. måleprogram) i verksemda sin internkontroll vert og gjenspegla i internkontrollforskriften § 5 annet ledd pkt. 7. I høve til § 14-14 skal alle analyseresultat som overstig reinsekrav med 100 % varslast til

Fylkesmannen. Kravet om varsling gjelder òg for 100 % overskridingar som inngår i tall prøvar som ikkje behøver å oppfylle reinsekrava, jf. § 14-13 første ledd.

Fylkesmannen vil påpeike følgande tilhøve som gjeld manglande utsleppskontroll:

- Under tilsynet kom det fram at verksemda ikkje har eit skriftleg prøvetakingsprogram eller ein oppsatt plan for når prøvane skal takast. Ein tek ikkje prøvar ved flaum, men utover det er det usikkert korleis verksemda sikrar at prøvane er representative for drifta. Tilhøvet er påpeika tidlegare og Fylkesmannen ser alvorleg på at verksemda manglar eit skriftleg prøvetakingsprogram.
- Verksemda opplyste at avlaupsprøvene vert fryst for så å bli frakta i frosen tilstand til laboratoriet. Lagringstid i frysaren kan variere frå 1 dag til 1, 5 månad. Praksis for lagringstid er ikkje i høve til praksis for akkreditert prøvetaking.
- Verksemda opplyste at dei mistenkte feil i analyseresultata frå laboratoriet og difor har gjennomført ei tredjepartskontroll for å sjekke og samanlikne analyseresultata. Utover det kunne verksemda ikkje leggje fram rutinar for å vurdere resultatane av prøvane som vart tekne. Det er og usikkert korleis prøvane vert brukt til å forbetre drifta av anlegget.
- Fylkesmannen påpeika i tilbakemelding på eigenkontrollrapportane i 2017 og 2018 at det er høge innlaupskonsentrasjonar for organisk stoff og fosfor. Verksemda har rapportert opp til 2850 mg O<sub>2</sub>/l for organisk stoff målt som BOF<sub>5</sub> i innløpet medan gjennomsnittlege verdiar for BOF<sub>5</sub> i innløpet vanlegvis er rundt 200-300 mg/l. I tillegg til at verksemda manglar rutinar for å vurdere prøveresultata kunne dei under tilsynet heller ikkje leggje fram rutinar eller praksis for annullering av prøver.
- Det kom og fram ved tilsynet at verksemda ikkje har brukt akkreditert laboratorium for analyse. Analyse av kontrollprøvar i akkreditert laboratorium er eit krav i både forskrift og utsleppsløyve.
- Dei siste årene er det registrert overskridingar av både i reinsegrad og konsentrasjon for organisk stoff. Fylkesmannen ser og at reinsegrad for fosfor ikkje er tilfredsstilt for 2019, jf. avvik 1. Overskridingane blei ikkje varsla til Fylkesmannen slik forurensningsforskriften krev.

I forbindelse med utbygginga og den auka kapasiteten minner vi om kravet til akkreditert prøvetaking. Sjølv om Brokke vatn- og avlaupsverk AS fekk i brev den 16.02.2011 utsetjing frå kravet om akkreditert prøvetaking fram til anlegget hadde oppnådd maksimal belastning på 2000 pe, ser Fylkesmannen at det er behov for akkreditert prøvetaking ved anlegget. Fylkesmannen legg meir fokus på at prøvetakinga skal vere representativ og god, og dimed er det naudsynt at prøvane tas av akkreditert personell.

### **Avvik 3**

Funksjonskravet gitt for pumper i løyve er ikkje tilfredsstilt.

### **Avvik frå:**

Utsleppsløyve av 20.8.2008 punkt 2.0 – Funksjonskrav og punkt 2.3 – Drift og vedlikehald

### **Kommentarar:**

Brokke vatn- og avlaupsverk AS pliktar gjennom sitt internkontrollsystem, instruksar, kontroll og andre tiltak å sørge for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader til ei kvar tid blir mest mogleg avgrensa. For å unngå utslepp i samband med kortvarig driftsstans, skal pumpestasjonar ha reservevolum dimensjonert for tre timars full driftsstans. Alle avlauspumpestasjonar skal dessutan ha minst to pumper, fjernovervaking og moglegheit for fjernstyring.

Under tilsynet kom det fram at det er 5 pumpestasjonar lokalisert på plasser med lite fall i leidningsnett. Stasjonane vert kontrollert ein gong i veka. Ein pumpestasjon har kommunalteknisk størrelse og verkemåte. Denne er tilkobla varslingsystem og har fjernovervaking. Ellers er dei andre fire kummane små, der to av kummane har to pumper, og to kummar har ei pumpe og kun lydalarm. Denne alarman er ikke tilkobla eit varslingsystem og det er ikkje mogleg å fjernstyre pumpene. Det inneber at eit overløp kan stå med alarm ei stund utan at det blir oppdaga. Kummar med berre ei pumpe har dermed ingen reserve ved stans.

#### **Avvik 4**

Verksemnda sin ROS-analyse er mangelfull.

#### **Avvik frå:**

Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5 annet ledd pkt. 6

#### **Kommentarar:**

I høve til internkontrollforskriften § 5, annet ledd punkt 6 skal verksemder kartlegge farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko knytt til ytre miljø samt utarbeide samsvarande handlingsplanar og tiltak for å redusere risikotilhøve. Omfanget av risikovurderinga skal tilpassast verksemnda sin storleik, karakter, utsleppspotensiale og kompleksitet. Miljørisikovurderinga skal dekke alle sentrale områder av verksemnda som utgjør ein fare for miljø og moglege utslepp.

På tilsynet fekk vi fortalt at det er konsulent (Ipec) som utarbeider ROS-analysen for anlegget og anleggsleiar kjem med innspel. Sist analyse ble gjort i 2015. Denne inneheld ikkje skriftlege vurderingar som omhandlar prøvetaking, pumpestasjonar og leidningsnett m.m.

#### **Avvik 5**

Verksemnda har ikkje utført resipientundersøking.

#### **Avvik frå:**

Utsleppsløyve av 20.8.2008 punkt 2.5 – Overvaking av resipient

#### **Kommentarar:**

Brokke vatn- og avlaupsverk AS skal i høve til løyve sørge for at det vert sett i gong overvaking av resipienten etter eit eige utarbeida program. Overvakingssystemet skal omfatte rutineundersøkingar for å kartlegge tilstand i vassførekomst for om mogleg å kunne påvise verknader av utsleppa frå anlegget. Overvaking av resipient skal vere i høve med bestemmelsene i vannforskriften for tiltaksorientert overvåking og om naudsynt skal forslag til overvakingssystem utarbeidast av fagekspertise. Eit overvakingssystem skal grunngje plassering av prøvepunktar og prøvetakingsfrekvens, samt kva slags medie (biota, sediment) undersøkinga er foreteken og utgreie for kva element som skal undersøkast.

Under tilsynet kom det fram at Brokke vatn- og avlaupsverk AS ikkje har foreteke overvaking av resipient. Utsleppet frå anlegget hamner i Otra via kraftverket sitt utslepp og verksemda meiner difor at det er vanskeleg å kartlegge utsleppet som kjem frå deira anlegg. Det er usikkert om kraftselskapet kan ha gjort nokre undersøkingar av reseipient tidlegare. Det føreligg per i dag ingen avtaler om samarbeid med kraftselskapet/andre om overvaking av utsleppet. Brokke vatn- og avlaupsverk AS si miljørisikovurdering inneheld heller ingen skriftlig vurdering av utsleppet til resipient.

Basert på kravet i løyvet meiner Fylkesmannen at det som eit minimum bør foreligge ei skriftleg vurdering eller ein forenkla resipinetundersøking.

Vi viser til veiler M-997/2018 «Eksempelsamling for tiltaksorientert overvåking».

#### **Avvik 6**

Verksemda si rutine for avvik er mangelfull.

#### **Avvik frå:**

Utsleppsløyve av 20.8.2008 punkt 1.0 – Fylkesmannen si vurdering og punkt 2.2 - Prøvetaking Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5 andre ledd punkt 7

#### **Kommentarar:**

Internkontrollforskriften seier at verksemdar skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og forebyggje brot på krav som er fastsette i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivinga. I det ligg det at det verksemdar skal ha etablert eit avvikssystem som dokumenterer avvik knytt til ytre miljø og rutinar som sikrar at krav i lovgjevinga og løyve vert fulgt opp. I høve til løyve skal alle avvik frå normalsituasjon rapporterast til Fylkesmannen. Det gjeld og målingar av avlaupsvatnet kor reinsekravet i løyve vert overskrida med meir enn 100 %, jf. òg avvik 2.

Brokke vatn- og avlaupsverk AS har rutinar for avviksbehandling der avvik er definert som feil på avlaupsanlegget som medfører at krav stilt er broten eller nære ved å bli broten. Under tilsynet kom det fram at overskridingar av reinsekravet ikkje vert ført som avvik og ein har heller ikkje rutinar for å varsle Fylkesmannen ved overskridingar av reinsekrava.

## **8. Merknader**

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

#### **Merknad 1**

Verksemda si merking av kjemikalietankar kan forbeistrast.

#### **Kommentarar:**

Under synfaringa ved anlegget blei det observert ein IBC-kontainar som var feilmerka i høve til innhaldet i tanken. Verksemda bestiller kjemikaliar felles med kommunen og fyller på ein IBC-kontaineren dei allereie har ståande og er koplå til reinseanlegget. Feilmerking av kjemikaliar kan medføre feil bruk og handtering av kjemikaliar.

#### **Merknad 2**

Verksemda sin vedlikehaldsplan kan forbeistrast.

#### **Kommentarar:**





Før tilsynet fekk vi oversendt rapportskjema for reinselegget frå 2018 og 2019 samt ein vedlikehaldsinstruks. I rapportskjemaene ser ein tydeleg kva punkter som er kontrollert for service og kva dato desse er gjennomført. Instruksen inneheld ei sjekklister for kva som skal kontrollerast og kva tiltak som skal setjast i verk. Instruksen seier derimot ikkje noko om kontroll- og vedlikehaldsfrekvens. Vi fekk og opplyst at ein fiksar ting etter kvart som noko gjeng i sund og treng reoperasjon.

Ein god vedlikehaldsplan er særst viktig for å oppretthalde og drive anlegget slik at at alle delar i avlaupsanlegget blir halde vedlike, og lekkasjar samt ukontrollerte utslepp i størst mogleg grad bli eliminert og ikkje fører til uheldig belastning på miljøet.

## 9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) med underliggende forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forurensningsloven frå Fylkesmannen
- Framlagd dokumentasjon som blei nytta for å verifisere dei faktiske tilhøva.



BROKKE VATN OG AVLAUPSVERK AS  
Att. Steinar Nomeland  
v/ Steinar Nomeland  
4748 RYSSTAD

Saksbehandlar, innvalstelefon

Cecilie Moen, 37 01 78 32

## Brokke vatn- & avlaupsverk AS - Oversending av endeleg inspeksjonsrapport

---

**Fylkesmannen ser tilbakemeldinga til Brokke vatn- & avlaupsverk AS som ein kommentar til førebels inspeksjonsrapport og har teke innspela frå verksemda delvis til følge, jf. vedlegg med endeleg inspeksjonsrapport. Eit avvik er endra til merknad og to avvik er oppdatert med ytterlegare informasjon. I tillegg er det satt ny frist for tilbakemelding på dei påpeikte avvika. Ny frist er 1. oktober 2020.**

---

Vi viser til førebels inspeksjonsrapport datert 27. mars 2020 og tilbakemeldinga frå Brokke vatn- & avlaupsverk AS på rapporten 2. april 2020.

### Innehald i førebels inspeksjonsrapport, datert 27. mars 2020

Fylkesmannen i Agder avdekka 7 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

#### Avvik:

1. Reinseanlegget har overskridingar av utsleppskrava i løyvet.
2. Verksemda sin utsleppskontroll er mangelfull.
3. Verksemda sin ROS-analyse er mangelfull.
4. Funksjonskravet gitt for pumper i løyve er ikkje tilfredsstilt.
5. Verksemda har ikkje utført resipientundersøking.
6. Verksemda manglar ein vedlikehaldsplan.
7. Verksemda si rutine for avvik er mangelfull.

#### Merknader:

1. Verksemda sin merking av kjemikalietankar kan forbetrast.

### Bakgrunn – Brokke vatn- & avlaupsverk AS sin tilbakemelding på førebels inspeksjonsrapport

Brokke vatn- og avlaupsverk AS stiller fyrst spørsmål om oversendt inspeksjonsrapport er i medhald av forvaltningslova, om rapporten er eit enkeltvedtak, eit pålegg eller eit varsel. Brokke vatn- og avlaupsverk AS lurar på om tilbakemeldinga er sjå som ein klage eller kommentar til rapporten.

Tilbakemeldinga har i tillegg kommentarar til fleire av avvika påpeikt i inspeksjonsrapporten.

### Avvik 1 - Reinseanlegget har overskridingar av utsleppskrava i løyvet.



Brokke vatn- og avlaupsverk AS meiner at Fylkesmannen ikkje kan konkludere med at verksemda har overskridingar av utsleppskravet. Det med bakgrunn i at verksemda har gjennomført «blindtestar» hos to ulike laboratorier og fått ulike resultatata. Dei meiner såleis at resultatata ikkje er til å stole på og slik sett ikkje syner at det nødvendigvis har vore overskridingar.

#### Avvik 2 - Verksemda sin utsleppskontroll er mangelfull.

Brokke vatn- og avlaupsverk AS meiner at Fylkesmannen ikkje har grunnlag for å seie at verksemda manglar utsleppskontroll. Det basert på at dei har utført prøvetaking og samsvarkontroll med to ulike laboratorier. Dei påpeiker og at anlegget er konstruert og fungerer slik at det aldri kjem ureinsa avlaupsvatn i resipient.

#### Avvik 3 - Funksjonskravet gitt for pumper i løyve er ikkje tilfredsstillt.

Brokke vatn- og avlaupsverk AS gjer Fylkesmannen merksam på at det berre er ein pumpestasjon som har kommunalteknisk størrrelse og verkemåte, og denne er tilkopla varslingsystem/fjernovervaking. Ellers er dei andre kummane små, der to av kummane har to pumper, og to kummar har ei pumpe med lydalarm. Verksemda vil avklare med leverandør kva ein eventuelt kan gjere meir praktisk og rasjonelt

#### Avvik 5 - Verksemda har ikkje utført resipientundersøking.

I tilbakemeldinga frå Brokke vatn- og avlaupsverk AS gjer ein rede for at utsleppet frå anlegget går via Brokke kraftstasjon og kva mengder utsleppet utgjer av totalen som sluses igjennom kraftstasjonen. Ettersom dette utgjer sær lite av totalutsleppet, meiner ein kravet om resipientundersøking er meiningslaust og ber Fylkesmannen fråfalle kravet. I det tilfelle Fylkesmannen vel å oppretthalde kravet om resipientundersøking, ber ein om eit konkret forslag til løysing og rettleiing.

#### Avvik 6 – Verksemda manglar ein vedlikehaldsplan.

I tilbakemeldinga kjem det fram at verksemda under tilsynet har gjort greie for reinseanlegget si oppbygning, verkemåte og driftsoppfølging. Det blei lagt vekt på kor lite komplisert og kor oversiktleg anlegget er. I tillegg nemner tilbakemeldinga driftsloggen, som gjennom alle år har vore felles dokumentasjon for operatør og leverandør av anlegget, og som ein meiner er tilstrekkeleg for å dokumentere og sikre drifta av reinseanlegget. Det kjem og fram at det er behov for å revidere vedlikehaldsplanen når oppgraderinga er ferdig.

#### Avvik 7 - Verksemda si rutine for avvik er mangelfull.

I tilbakemeldinga syner verksemda til avvik 1 og 2, samt driftslogg. Basert på dette meiner ein det er feil å hevde mangelfull rutine for avviksbehandling og ber Fylkesmannen konkretisere påstanden.

#### Andre generelle kommentarar i tilbakemeldinga frå Brokke vatn- og avlaupsverk AS

Brokke vatn- og avlaupsverk AS meiner å ha avdekka det dei kallar alvorlege manglar innanfor analysing av utsleppsprøver og meiner det ikkje berre handlar om eit laboratorie er akkreditert eller ikkje. Ein meiner dette er noko Fylkesmannen må fylgje opp.

Brokke vatn- og avlaupsverk AS meiner at dei avdekka avvika ikkje representerer noko målbar miljørisiko og legg til grunn at Fylkesmannen ikkje har kontroll på offentlege såkalla kapittel-13-anlegg, som det finnes mange av i Noreg. Det vert påpeikt at Brokke vatn- og avlaupsverk AS til tross for å vere underlagt kapitel 14 i forurensningsforskriften, er eit lite anlegg, som ikkje har personell eller kapasitet til å svare på avvika til Fylkesmannen då ein har andre viktigare ting å fylgje opp i ei



tid med korona-virus. Ein tykkjer det er merkeleg at Fylkesmannen kan sende ut ein rapport med tidsfristar, gebyr og varsel om tvangsmulkt når Noreg, og verda rundt oss står i den verste krisa sidan 2. verdskrig. Ein ber derfor Fylkesmannen om utsette alle krav og trekkje tilbake alle tidsfristar.

### **Fylkesmannen si vurdering og svar**

Inspeksjonsrapporten sendt Brokke vatn- og avlaupsverk AS den 27. mars 2020 er ein førebels rapport og som nemnd på tilsynet og i rapporten er det mogleg for verksemda å gje innspel om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken. Vi ser difor tilbakemeldinga til verksemda som ein kommentar til rapporten.

Fylkesmannen tek innspela frå verksemda delvis til følgje, og har endra eit avvik til merknad, jf. endeleg inspeksjonsrapport samt endra tekst noko for avvik 3 og 5 som gjeld høvesvis funksjonskrav til pumper og resipientundersøkingar. Vedlagt fylgjer endeleg inspeksjonsrapport.

I tillegg er det satt ny frist i rapporten. Ny frist for tilbakemelding er 1. oktober. I det tilfelle verksemda ikkje klarer å overhalde denne, ber vi ta kontakt for å finne ein ny frist.

### Pålegg, varsel om tvangsmulkt og vedtak om gebyr

I det tilfelle Fylkesmannen gjev pålegg om tiltak eller opplysningar i ein inspeksjonsrapport skal det tydeleg framkome i rapporten og det er klagerett jf. forvaltningslova. I rapporten til Brokke vatn- og avlaupsanlegg AS er det ingen slike pålegg. Krav og manglar påpeikt i rapporten kjem i frå krav og plikter stilt i verksemda sitt utsleppsløyve.

Vi har forståing for at Brokke vatn- og avlaupsverk AS tykkjer det er merkeleg at Fylkesmannen kan sende en rapport med krav om gebyr og varsel om tvangsmulkt når landet er prega av ein pandemi. Fylkesmannen fylgjer dei retningslinjer som er gjeve oss frå Miljødirektoratet når det gjeld tilsyn og gebyr i desse tider med spreining og nedstenging på grunn av korona-virus. I høve til desse retningslinjene har Fylkesmannen inntil eventuell anna informasjon er gjeve frå Klima og Miljødepartementet (KLD), ikkje høve til å slutte å ta gebyr for arbeid som er omfatta av gebyrforskrifta. Vi gjer dykk likevel merksamme på at forskrifta opnar for å søke om utsett frist for betaling av gebyr samt reduksjon eller fråfall av gebyr. Det er då krav om ein konkret søknad frå den enkelte verksemd med betalingsproblem.

I inspeksjonsrapporten til Brokke vatn- og avlaupsverk AS er det vedtak om gebyr. Varsel om gebyr vart send til verksemda i mail den 4. februar 2020 saman med varsel om tilsyn. Jamfør avsnitt 5 i rapporten er det mogleg å klage på gebyrsats, men ikkje på at Fylkesmannen tek gebyr. Ein eventuell klage skal være skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Agder. I det tilfelle Brokke vatn- og avlaupsverk AS vil klage på gebyrsats eller be om utsett frist eller fråfall av gebyr ber vi verksemda om å sende ein konkret søknad om dette til Fylkesmannen i Agder.

I inspeksjonsrapporten til Brokke vatn- og avlaupsverk AS er det varsel om tvangsmulkt. For å sikre tilbakemelding etter tilsyn kor det blir påpeikt alvorlege avvik er det vanleg praksis å varsle tvangsmulkt i tilsynsrapportar. I det høve Fylkesmannen ikkje mottek svar på inspeksjonsrapport innan frist eller verksemda ikkje ber om utsett frist vil Fylkesmannen kunne vedta tvangsmulkt. Det vil i slikt eit høve være mogleg å klage på vedtaket, jf. forvaltningslova.



### Ny tidsfrist

Tidsfrist er eit verkemiddel for å få tilbakemelding på tilsynsrapportar innan rimeleg tid. Normal frist for tilbakemelding i rapporter er 1-2 månader, men i det tilfelle ei verksemd tek kontakt og ber om utsetjing, er det normal praksis at Fylkesmannen gjev ein ny utsett frist. Brokke vatn- og avlaupsanlegg AS ber Fylkesmannen om utsette alle krav og trekkje tilbake alle tidsfristar. Fylkesmann endrar difor frist i inspeksjonsrapporten og ny frist er 1. oktober 2020. I det tilfelle Brokke vatn- og avlaupsanlegg AS ikkje kan overhalde ny frist ber vi verksemda ta kontakt for å komme til einigheit om ein ny realistisk tidsfrist.

Fylkesmannen har gjort fylgjande vurdering av verksemda sine kommentatarer på dei ulike avvika:

#### Avvik 1 - Reinseanlegget har overskridingar av utsleppskrava i løyvet.

Brokke vatn- og avlaupsverk AS rapporterer årleg til Fylkesmannen via den årlege eigenkontrollrapporteringa. Tala rapportert her syner at det i fleire år har vore overskridingar av krava i utsleppsløyve. I det tilfelle verksemda meiner tala frå laboratoriet ikkje er til å stole på, kan verksemda heller ikkje dokumentere at dei overheld utsleppskravet i løyve.

Fylkesmannen tykkjer det er interessant at verksemda har sendt prøvane til to ulike laboratorier og fått ulike prøvesvar. Etersom kun det eine laboratoriet er akkreditert, meiner vi det syner viktigheita av å bruke eit akkreditert laboratorie med metodar som samsvarer med Norsk Standard/ anerkjend laboratoriepraksis. Sjå og svar under andre kommentarar for bruk av akkreditert laboratorie.

Fylkesmannen meiner Brokke vatn- og avlaupsverk AS har hatt overskridingar av utsleppskrava og avvik 1 i blir ikkje endra i rapporten.

#### Avvik 2 - Verksemda sin utsleppskontroll er mangelfull.

I rapporten blir det punktvis påpeikt kva Fylkesmannen meiner manglar for å betre verksemda sin utsleppskontroll. Det er kun eit av desse punktane kor akkreditert laboratorie er nemnd. Som nemnd i kommentaren over tykkjer Fylkesmannen det er interessant at verksemda har fått analysert prøvane hos to ulike laboratorier, men meiner resultata syner viktigheita av å bruke akkreditert laboratorie og ikkje kan sjåast på som eit argument for at verksemda har ein fullstendig utsleppskontroll. I den punktwise lista vert det blant anna nemnd av verksemda mangler eit skriftleg prøvetakingsprogram. Eit slikt program skal kvalitetssikre prøver og analyseresultata, og skal som eit minimum innehalde:

- Rutiner for prøvetaking
- Tidspunkt for prøvetaking
- Rutiner for handtering og lagring av prøver
- Rutiner for vurdering av prøver inkl. rutine for annullering av prøver
- Rutiner for oppfølging

Lista er ikkje utfyllande.

Basert på denne vurderinga vil ikkje avvik 2 i inspeksjonsrapporten bli endra.



### Avvik 3 - Funksjonskravet gitt for pumper i løyve er ikkje tilfredsstilt.

Vi reknar denne tilbakemelding som ein kommentar til korleis verksemda tenker å utbetre tilhøvet. Inspeksjonsrapporten vil likevel bli oppdatert med utfyllande tekst for å være i høve med tilbakemeldinga som gjeld dei 5 pumpestasjonane.

### Avvik 5 - Verksemda har ikkje utført resipientundersøking.

I inspeksjonsrapporten er det påpekt at verksemda ikkje har føreteke overvaking av resipient jf. punkt 2.5 i løyve. Fylkesmannen har forståing for at verksemda ser det som vanskeleg å gjennomføre denne typen undersøkingar og difor ikkje har gjennomført resipientundersøking, men påpeiker dette avvik då det er eit krav i verksemda sitt løyve. Verksemda burde i utgangpunktet kommentert kravet da løyve blei gjeven i 2008 om ein meier det er heil urimleg.

Basert på kravet i løyvet meiner Fylkesmannen at det som eit minumun bør foreligge ei skriftleg vurdering eller ein forenkla resipientundersøking. Verksemda må sjølv vurdere om det er behov for fagekspertise. Ein bør og kartlegge om kraftselskapet tidligare har foreteke undersøkingar av reseipient. Rapporten er oppdatert med informasjon om krav til innhald i eit overvåkingsprogram og for meir utfyllande informasjon er det vist til M-997/2018 «Eksempelsamling for tiltaksorientert overvåking».

### Avvik 6 – Verksemda manglar ein vedlikehaldsplan.

I inspeksjonsrapporten blei det påpeikt at verksemda manglar ein vedlikehaldsplan og fiksar ting når dei går i sund. Med tanke på at verksemda sin internkontroll skal stå i høve til verksemda sin størrelse har Fylkesmannen valt å endre dette avviket til ein merknad. Vi påpeiker likevel viktigheita av å ha ein god vedlikehaldsplan og forutsett at verksemda har ein god vedlikehaldsplan når anlegget er ferdig oppgradert

### Avvik 7 - Verksemda si rutine for avvik er mangelfull.

Det kom fram at verksemda har rutinar for avviksbehandling der avvik er definert som feil på avlaupsanlegget som medfører at krav stilt er broten eller nære ved å bli broten. Slik vi forstod tek ein i bruk driftslogg + IPEC-skjema til å føre avvik. Vi fekk på tilsynet fortalt at overskridingar av reinsekravet ikkje blei ført som avvik. Verksemda har dei siste åra har fleire overskridingar av reinsekravet i løyve. Dette er heller ei rapportert til Fylkesmannen utanom den årlege eigenkontrollrapporteringa.

Fylkesmannen har ikkje endra teksten under avvik 7 i inspeksjonsrapporten. Vi meiner teksten er forklarande slik den allereie står.

### Andre kommentarar

Når det gjelder akkreditert laboratorier, akkrediterte metodar og samsvarskontroller er ikkje dette Fylkesmannen sin oppgåve eller myndigheit. Akkreditering er ei offisiell anerkjenning av ei verksemd sin kompetanse og evne til å utføre angitte oppgåver i samsvar med gitte krav frå eit internasjonalt anerkjend akkrediteringsorgan. Det er Norsk Akkreditering som står for akkrediteringsprosessen av laboratorier i Noreg. Fylkesmannen har heller ikkje kompetanse eller høve til å vurdere dei metodar ikkje akkrediterte laboratorier brukar.

Når det gjelder reinseanlegg som er i høve til kapittel 13 i forurensningsforskriften er det kommunane som er myndigheit for desse. Fylkesmannen er klar over manglande oppfølging og kontroll med desse anlegga. Når det er sagt er det ei vurdering på gang hos Miljødirektoratet om



kor vidt myndigheita for dessa anlegga skal flyttast til Fylkesmannen. Slik vi ser det er ikkje det argument for å vurdere graden av alvor i dei påpeite avvik i rapporten til Brokke vatn- og avlaupsverk AS.

I førebels inspeksjonsrapport skriv Fylkesmannen at vi ser alvorleg på avvik 1 og 2, kor det vert påpekt at verksemda har overskriding av utsleppskrava i løyve og mangelfull utsleppskontroll. Fylkesmannen meiner framleis at det er alvorleg når eit reinseanlegg ikkje overheld reinsekrava og har manglande utsleppskontroll. Det er i tillegg vanleg prosedyre å kategorisere eit avvik som alvorleg dersom det same har vore påpeika i tidlegare inspeksjonsrapporter. Manglande overvakingssystem samt kontroll og oppfølging av reinsekrav vart og påpeikt etter tilsyn i 2012.

Det er nok truleg sant som dykk skriv i tilbakemeldinga at Brokke vatn- og avlaupsverk AS er eit av få anlegg med dykkar størrelse som har krav etter kapittel 14 i forurensningsforskriften, men med dei planlagde utvidingane vil anlegget ha kapasitet til 1950 pe og nærast være eit såkalla kapittel-14-anlegg. Uavhengig av dette har anlegget eit løyve og må halde seg til dei krav og plikta som er her. Vi har forståing for at verksemda ikkje har resursar til å handtere bagatellar, men vi meiner det som er påpeikt i inspeksjonsrapport er å sjå som eit minimum for å kunne drifte i høve til verksemda sitt løyve.

Med helsing

Veronica Skjævestad (e.f.)  
faggrupeleder forurensning  
Miljøvernabdelinga

Cecilie Moen  
seniorrådgiver  
Miljøvernabdelinga

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Brokke Vatn & Avlaup AS - Revidert inspeksjonsrapport